



Denne bygningen ligg på eigedomen som no er sold av Ole Torbjørn Holmedal til Rosendal-firmaet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Etter å hatt ein eigedom på Børnes berre eit halvt års tid, har Ole Torbjørn Holmedal (Bogsnes Marine) no sold han til Kvinnherad Byggutvikling og Elektroservice AS, som held til i Rosendal.

Eigedomen er på 2,2 mål stor og har ein stor bygning. Holmedal, som har butikken sin på Sunde, planla å driva verkstad på Børnes. Det flytta han frå Husnes. Men verkstaddrifta har aldri har aldri kome skikkeleg i gang i Uskedalen, det vart for tungvindt. Heretter skal han driva berre på Sunde. seier han til innsida.no,

Holmedal er nøgd med handelen og truleg har han fått meir att enn dei 1,4 millionane han gav då han kjøpte. Bygningen på Børnes har vore nytta til lagring av båtar i vinter.

Rosendal-firmaet overtek eigedomen 1. juni og vil etablere seg baa med lager og kontor der. Egil Heimvik, Lars Øyjord og Endre Teigen eig firmaet, som driv med el-installasjonar og flislegging og også er totalleverandør av bad.

Heimvik opplyser at dei har mykje arbeid og at bedrifta går bra. Han lovar at tomte på Børnes skal ryddast og stellast og bli langt trivelegare enn i dag.

- Den skal framstå på ein presentabel måte for Uskedalen, seier han.